

Høyringsvar frå Borgund sokneråd

Vegval for framtidig kyrkjeordning

Ein kommentar

Den norske kyrkja er i stor endring. Det er sagt at struktur- og ordningsendringane i kyrkja ikkje har vore større sidan reformasjonen. På mange vis speglar endringane i kyrkja sin organisasjon, det omskifte som vi alt har sett på mange samfunnsområder. Det religiøse mangfaldet utfordrar statskyrkja. Landet har ikkje berre fått innbyggjarar med forankring i andre religionar. Mangfaldet av kristne trussamfunn har også blitt mykje større.

Arbeidet med å erstatte statskyrkja med ei sjølvstendig folkekyrkje har halde på i mange år. Det er alt gått ei tid sidan grunnlovsendringa. No arbeider ein for å opprette eit nytt sentralkyrkjeleg rettssubjekt i kyrkja, slik at den mynde som fram til i dag har lagt i departement og til dels i kyrkjerådet, kan overførast til kyrkja sjølv.

Og for å fullføre etablering av ei ny fri folkekyrkje, står det att å meisle ut ei ny kyrkjeordning. Samtalar og debatt har alt i mange år dreia seg om kyrkjeordningsspørsmåla. Mange har uttalt seg skråsikkert og vi har sett tydelege meiningsmotsetnader. Nokre har endra syn, mest alle som har vore aktive i samtalanene har auka innsikt og forstand. Men først no er kyrkjereforma komen så langt at kyrkjerådet kan invitere til høyring om desse viktige ordningsspørsmåla.

Ei ny kyrkjeordning skal vare lenge. Tidsperspektivet er meir enn 5-10 år fram. Truleg blir kyrkjeordninga som no skal utformast gjeldande kyrkjeordning for dei neste 100 åra. Ved utgangen av gamal ordning, så lyt det etablerast ei ordning som er meir enn eit overgangsregime. Ordninga lyt tilpassast framtidssamfunnet vi no ser konturane av.

1) Kyrkja er ikkje lenger utfører av offentlege tenestetilbod.

Den norske kyrkja sin posisjon som statskyrkje er historie. Sjølv om kyrkja framleis er majoritetskyrkje og viktig kulturformidlar i det norske samfunnet, så er perioden med statskyrkje over. Ei kyrkjeordning som er konstruert for å vidareføre dei oppgåvene som kyrkja på vegne av det offentlege har teke hand om i fleire hundre år, er ikkje i stand til å møte framtida. Det er på særleg to område at kyrkja framleis er sentral aktør på vegne av det offentlege Norge.

a) Vigsle

Ein stor del av alle som giftar seg gjer det i kyrkja. Prestane er statstenestemenn og kvinner som har vigslelisens frå det offentlege. På prinsipielt grunnlag har fleire hevda at ekteskapet er ei offentleg og borgarleg ordning. Livssynsutvalet, der Sturla Stålsett var leiar, presenterte synspunkt som mange, også i kyrkja gav tilslutning til. Utvalet ville at all ekteskapsinngåing skulle skje borgarleg og i det offentlege rom, ved signering av vigsledokument, t.d. som ei enkel seremoniell handling. Så såg utvalet for seg at bryllaupsfesten, for alle som ønskjer, kunne utfalde seg i kyrkjer, og i forsamlingar eller i andre samanhengar der brudeparet ville feire ekteskapsinngåinga.

b) Kyrkjegardsforvaltning

Den andre arenaen der kyrkja utfører offentlege tenester er i kyrkjegardsforvaltninga. I eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn er sjølv ordet kyrkjegardsforvaltning ei utfordring. Gravlund eller gravstad er truleg betre ord å bruka, sjølv om mange av gravstadane er lokalisert nær kyrkjene. I aukande grad blir gravstadane den siste kvile for menneske frå ulike religiøse og a-religiøse menneske. Det blir ei utfordring for det offentlege om Den norske kyrkja i framtida skal forvalte gravstadane og leggje til rette for gravferd frå mangefaldet av kristne trussamfunn og frå forskjellige religionar. Sjølv om kyrkja si gravstadsforvaltning fungerer og gir meining for mange i dag, er det vanskeleg å tenkje seg at denne ordninga vil eksistere om t.d. 50 år.

2) Kyrkja er ikkje lenger ei statskyrkje, korleis kan kyrkja binde seg til kommunen?

I ei avvikla statskyrkje, tar mange likevel til orde for at kyrkja skal binde seg til kommunen. I dag blir det meste av kyrkja si verksemd finansiert av tilskot frå kommunen. Det er minst to grunnar til at det ikkje er tenleg for kyrkja å binde kyrkjeordninga til kommunale strukturar.

a) Kommunereforma har starta samtalar og debattar om framtida sine kommunar. Særleg får storleik på kommunen merksemd, og ein lagar modellar og tankespinn om kven som høyrer med og om kven som ikkje høyrer til. Ei kyrkjeordning som bind seg til same organisatoriske storleik som kommunen, kan knappast seie å vere ei fri folkekyrkje. Truleg vil det nye kartet som skal teiknast etter ei innført kommunereform sjå ganske annleis ut. Det beste argumentet for kommunal finansiering av den lokale kyrkja er at kyrkja er lokalt finansiert, at det er folket, gjennom dei folkevalde som tar ansvar for lokalkyrkja sin økonomi. I storkommunar fell dette argumentet bort. Avstanden mellom lokalkyrkja og finansieringsinstans kan fort bli stor.

b) I eit ganske opplagt framtidsscenario, der gravstadsforvaltninga blir ei rein offentleg oppgåve, så fell grunnen bort for å oppretthalde ein kyrkjestructur som fell saman med kommunen. Hovudårsaka til hopehavet mellom kommune og kyrkje er at kyrkja i dag utfører tenester på vegne av kommunen. Når grunnlaget for ei slik oppgåvefordeling mellom kyrkje og kommune ikkje lenger er til stades, er det utan meining at kyrkja skal organiserast i same einingar som kommunane og at kyrkjeordninga skal tilpassast dei til ei kvar tid gjeldande kommunegrensar.

3) Likebehandling av livssyns- og trussamfunn.

Det er mange ulike kyrkjesamfunn i landet vårt. Dei har ulike måtar å organisere verksemda si på. Gjennom tilskot til trudomssamfunn støttar det offentlege religiøs aktivitet og livsutfalding. Slik får både den katolske kyrkja og Humanetisk forbund tilskot etter medlemstal. Ei liknande tilskotordning må vere aktuell finansieringsmodell for Den norske kyrkja. Kyrkja har dei siste åra innført den store trusopplæringsreforma, som krev at kvar kyrkjelyd gir tilbod om trusopplæring til alle døypte. Denne reforma er finansiert gjennom direkte tilskot. Kyrkja har utvikla økonomiske modellar og styringssystem som sikrar ei god fordeling av tilskota. Det er ingen grunn til å tvile på at kyrkja kan

utvikle fordelingsnøklar som tilgodeser viktige lokale behov, sjølv om tilskotet til kyrkja blir gitt på same måte som andre trdomssamfunn mottar økonomisk tilskot i dag. Det er ein god ide å innføre ei livssynsavgift i landet vårt, slik kan det offentlege stimulere til religiøs livsutfalding og aktivitet

4) Viktige vegval ved inngang til ny kyrkjeordning

Kyrkja treng ei tenleg kyrkjeordning for dei neste 100 åra. Kyrkjeordninga må ta vare på Den norske kyrkja sin historiske arv som ein kyrkje for folket, og tole å stå fram som ei majoritetskyrkje. Kyrkja må vere synleg som nasjonalkyrkje, og kyrkja må ha sitt andre tyngdepunkt i den lokale kyrkjelyden. Kyrkjeordninga lyt støtte og styrke desse to tyngdepunkta. Ein lyt skape ei ny forståing av forskjellen mellom soknet som juridisk rettssubjekt og den lokale kyrkjelyden. Det er ikkje sikkert det er tenleg at soknet sine grenser skal strekkjast slik som i dag. Det er kan hende meir tenleg at fleire kyrkjelydar finn saman i ei sokneining og at talet på sokn kan reduserast kraftig. Så lyt det utviklast eit regionalt forvaltningsnivå. Eit slikt forvaltningsnivå kan tale nasjonalkyrkja si sak i møte med sokna, samstundes som det kan framsnakke sokna i møte med nasjonalkyrkja. Det lyt vere eit regionalt forvaltningsnivå som kan økonomistyring, personalforvaltning og drift, som kan tilsetje prestar og alle andre kyrkjeleg tilsette, som kan føre tilsyn, som kan utvikle dei ulike fagområda i kyrkja og som kan inspirere til kyrkjeleg innsats og medarbeidarskap. I ei ny kyrkjeordning vil bispedømmet framleis ha ein viktig posisjon, og biskopen og hennar medarbeidarar vil vere sentrale i arbeidet med å realisere kyrkja sitt oppdrag i verda.

Det viktigaste vegvalet for framtida si kyrkjeordning, er at kyrkja set seg sjølv fri frå bindingar som hindrar eller reduserer kyrkja i å realisere eige oppdrag. Berre ved å innrømme eigen identitet som trdomssamfunn, og forstå seg sjølv ut av den historiske særstillinga som statskyrkje, kan kyrkja bli ei fri luthersk folkekyrkje. Berre ved å definere seg sjølv som noko anna enn leverandør av offentlege tenester til kommunen og det offentlege, kan kyrkja bli seg sjølv!

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettadressen: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringssvar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: **Borgund sokneråd** _____

Adresse: **__Borgundgavlen 51, 6015 Ålesund__**

Kontaktperson:

Høringsspørsmålene

- 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar:

Ja, sokna må styrkast og gjerast meir jamnstore, og bispedømme og biskop må forvalte arbeidsgivaransvar for alle kyrkjeleg tilsette. Bispedømmet lyt utviklast og organisering innanfor kommunestrukturar lyt avviklast

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: Nei, Vi trur at innføring av livssynsavgift, eller direkte statleg tilskot er beste finansieringsmåten for framtida si kyrkje.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar: Vi trur at innføring av livssynsavgift, eller direkte statleg tilskot er beste finansieringsmåten for framtida si kyrkje. Kyrkje lyt få same tilskotshandsaming og motta tilskot på linje med andre trudomssamfunn

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Styrke soknet, lage større sokneiningar, fjerne fellesrådsleddet/den struktur som fell saman med kommunengrensene

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Større sokneiningar og jamnare storleik på sokna

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: Nei

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: Soknet som forvaltningseining må styrkast. Ved kvar kyrkje/I kvar kyrkjelyd lyt det etablerast kyrkjelydsutval, som satsar på trusopplæring, gudstenester, diakoni, undervisning og kulturformidling

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: Arbeidsgivaransvaret bør delegerast til regionaltnivå for alle kyrkjeleg tilsette

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar: Tydeleg deling mellom fagleg og administrativ leiing.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Sentral i tilsyn med kyrkjelydane og tilsette og som arbeidgivar

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: Arbeidgivar, i tillegg til å utvikle rolla rådet har i dag

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar:

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: Ja

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: Ei kan tenkje seg eit delegert tilsetjingsansvar til soknet for nokre yrkesgrupper, men spørsmål om oppseiing og anna personalhandtering bør liggje på bispedømmenivå

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar: Soknepresten bør ha ei tydlegare leiarrolle som fagleg leiar i soknet, utover posisjonen i soknerådet

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Nei

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Nei

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Ikkje utover at den gamle strukturen som blei kalla embetsstrukturen, representert ved biskopane og bispemøtet bør vere ein parallell struktur ved sida av rådsstrukturen. Kanskje skal bispemøtet godkjenne liturgiar og lærespørsmål før dei kan bli gjort gjeldande

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Nei

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Nei

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Ja, i ei eller anna form

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Nei

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Nei